

Postmottaket

Fra: Tormod Pedersen [tormod.pedersen@vaga.kommune.no]
Sendt: 12. desember 2003 15:07
Til: Postmottaket
Emne: Høring på forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket



1303høring forskrift1403høring forskrift1503høring forskrift
tilskudd.... tilskudd.... tilskudd....



Oversender høringsuttalelsene fra Vågå, Lom og Skjåk.. De kommer og i brevs form, men på grunn av høringsfristen sendes de også som E-post.

Vennlig hilsen Tormod Pedersen, skogbruksjef i Vågå, Lom og Skjåk

2003 / 2997	160
2003/2997	160
TIN	486

LOM KOMMUNE
Sakspapir

Utval/styre/råd	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	04.12.03	130/03

Arkiv: V18 &13	Objekt:	Arkivsaknr 2003001465	Saksbehandlar:Tormod Pedersen
-------------------	---------	-----------------------	-------------------------------

**FRÅSEGN - FRAML TIL FORSKR. OM TILSK TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I
SKOGBRUKET OG FORSKR OM SPES. MILJØTILTAK I LANDBRUK**

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.10.03	Det Kongelige Landbruksdepartement	HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKR. OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBR. OG FORSK.OM TILSKUDD TIL NÆRINGS- OG MILJØ

Saksdokument:

Brev frå Landbruksdepartementet: "Høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket".

Høyringsfrist 11 desember 2003.

Bakgrunn:

I behandlinga av St.meld. nr. 1 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, vedtok Stortinget at ei rekke nye oppgaver innan landbruksforvaltninga skal førast over til kommunane. I alle konsesjonslovs- og delingssaker etter jordlova og saker etter skoglova (unnateke vernskoggrenser), skal kommunen ta avgjerd. Tilsvarende gjeld for dei økonomiske verkemidlane, miljømidlane under Landbrukets utviklingsfond (LUF) og skogmidlane under LUF.

Som ein følgje av desse endringane vil kommunane frå 2004 få tildelt ei årleg løyving frå Fylkesmannen som vil omfatte midlane til miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegging. Løyvinga til den einskilde kommune vil bli fastsett ut frå fleirårige tilskotsstrategiar som kommunen lagar. Bruken av midlane skal skje med grunnlag i dei forskriftene som nå er under utarbeiding. Etter synet til Landbruksdepartementet vil kommunane få stor fridom til å prioritere mellom ulike tiltak, fastsette tilskotssatsar og eventuelle vilkår.

Departementet gjer merksam på at i tildelingsbrevet til fylkesmennene, og vidare til kommunane, vil det ligge ei avgrensing på at tilskot til vegformål ikkje kan vere meir enn 50 % av det beløp som er tildelt til skogtiltak i den einskilde kommune.

Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket erstattar forskriftene spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK), forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak (IMT), og forskrift om tilskot til miljøretta omlegging i kornområda (MOMLE). I tillegg omfattar forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket tiltaket "Områdetiltak" som tidlegare bare har vore styrt gjennom rundskriv. Forskrifta om nærings- og miljøtiltak i skogbruket erstattar forskrift om behandling av søknadar og utbetaling av statstilskot m.v. til skogsvegar, og forskriftene om tilskot til praktikantar i skogbruket, førstegongstynning, drift i vanskeleg terreng, skogkultur, bygging av skogsvegar og miljøtiltak i skogbruket.

Forskriftene er vedlagt saka, og det vises til disse.

Vurdering:

”Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket” er generell og gir lite føringar eller avgrensingar for bruken av midla. Det blir i stor grad opp til kommunen korleis midlane skal nyttast. At vedtak fatta av kommunen kan klages til Fylkesmannen gjeld begge forskriftene. Dette blir kommentert under skogbruksforskrifta.

”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket” gir meir konkrete føringar for korleis kommunane kan bruke midlane. I fleire tilfelle er dette føringar som det utøvande skogbruk er særskild glad for. Føringane er teke opp i prioritert rekkjefølgje i kvar del slik at det som står først er viktigast å få endra. Første del går på føringar i paragrafane, andre del går på varsla føring i tildelingsbrev og tredje del forhold som er omtalt i følgjebrevet eller som gjeld korleis midlane skal overførast til kommunane.

Kommentarar til paragrafane:

Tilskot til taubanedrifter:

For heile landet, og for Lom kommune spesielt, gjeld at ein stadig større del av den hogstmodne skogen står i bratt terreng. Det har derfor vori ei samstemt reaksjon frå heile det utøvande skogbruk at det er viktig å oppretthalde tilskot til drift i bratt terreng, og dermed tilskot til taubanedrifter. På grunn av dårleg økonomi har det vore liten aktivitet dei seinare år med taubanedrifter. Derfor er det viktigare enn nokon gang å halde liv i det vesle taubanemiljøet som er att. Å drive med taubane krev spesialkompetanse. Det vil vere tungt å bygge opp igjen den om ein lar det miljøet og kompetansen bli heilt borte. Blir tilskotet borte er det ikkje grunnlag for å drive med taubaner. Da vil det bli heilt stopp i avverkinga i områder kor det er naudsyn å bruke taubane.

Planting/såing:

Etter skoglova er det ein plikt å sørgje for ny forynging når ein avverkar. I ein del av våre bakliar og høgtliggjande skogareal er det naudsynt å plante/så for å sikre rett treslag, tilfresstillande tettleik og akseptabel ventetid på ny forynging. Utan tilskot vil grensa for kor lang ventetid, og kor dårleg tettleik i forynginga som skal akseptast, bli pressa langt. Dette vil føre til redusert skogproduksjon og redusert kvalitet på virket. Det betyr at skogen i framtida vil gje vesentleg mindre bidrag til verdiskaping ute i distrikta. Det er våre etterkommarar om 70 – 150 år som ville fått hausta den største økonomiske gevinsten av tette og gode foryngingar. I eit slikt langsiktig perspektiv er det rimeleg og naudsynt at staten gjev støtte.

Norske skogar var uthogde i starten på førre hundreår. Ein ansvarleg skogpolitikk med vekt på ressursoppbygging har ført til ein auke i tilvekst frå 10,68 millionar kubikkmeter under bark i 1925 til 21,87 i dag. Kubikkmassen har i same periode auka frå 312 millionar kubikkmeter til 649. Med den skogpolitikken som det blir lagt opp til nå har skogforskarar rekna ut at tilveksten ved utgangen av dette hundreår vil vere tilbake på 1925 nivå. Dei som er ansvarleg for denne omlegginga kan vere glad for at dei slepp å møte dei som skal leve av norsk skogbruk i slutten av dette hundreåret.

Villmarksprega område:

I Ottadalen har vi urørt snaufjell i mange kilometer innafor der dei bratte skogliene sluttar. Dette fører i nokre tilfelle til at når vi skal bygge ein traktorveg oppover i lia, skyver vi på ei tenkt grensa for »Villmarksprega områder» langt inne i snaufjellet, sjølv om vi er langt nede i lia. Ein km unna kan vi kanskje byggje ny veg heilt øvst i lia utan å komme i konflikt fordi det tilfeldigvis er veg eller andre inngrep frå før. Dette er det ikkje logikk i om det er omsynet til artsrikdommen som er grunnlag for omgrepet »Villmarksprega område». Omgrepet seier ingenting, eller i beste fall særskild lite, om verknaden inngrepet har på levande organismar. Generelle utsegn om eigenverdien til urørte områder

gjev liten meining når ein ser kor ulogisk det slår ut i våre områder. I tilfeller som omtalt her vil ein ikkje oppleve, når ein er inne på snaufjellet, at " Villmarksprega område" blir mindre fordi om det går ein traktorveg nede i lia. Nekting av tilskot på eit slikt grunnlag har ikkje miljøfagelge grunnar, og bør derfor takast ut frå forskrifta.

Klage til Fylkesmannen:

Når forvaltninga av midlane overførast til kommunane bør og klagebehandling skje i kommunen. Kommunen har rutinar på dette i andre kommunale saker.

Tildelingsbrev:

Avgrensing på 50 % av tilskotsmidlane til vegbygging kan ikkje gjelde for kvar kommune og for kvart år. Eit stort veganlegg i ei lita skogbrukskommune vil måtte bli finansiera over mange år om denne regelen ble ståande. Ei lita til middels skogbrukskommune i Oppland vil kanskje få kr. 200. 000 til skogbrukstiltak. Dvs. at om denne kommunen får eit stort fellesveganlegg på til t.d. kr. 900 000, og brukar 40 % tilskot, blir tilskotet 360.000. Det tydar at denne kommunen vil bruke alt tilskot på vegar til dette eine veganlegget i over tre år fordi de bare kan bruke halvparten av kr. 200.000 kvart år. Har kommunen fått lagt veganlegget inn i ein fleirårig tiltaksplan så kanskje dei får kr. 400.000 i tilskotsmidlar. Det vil ikkje hjelpe stort om dei ikkje klarar å auke skogkulturaktiviteten. Brukar dei bare kr. 100.000 til skogkultur kan dei framleis bare betale ut kr. 100.000 til veganlegget og står att med kr. 200.000 i tilskotsmidlar som dei ikkje kan bruke. Dette kan løysast ved å bruke t.d. 80 % tilskot til skogkultur dette året for å få ut kr. 200.000 på skogkultur. Dette viser kor meiningslaust ein slik regel vil slå ut.


I Lom kommune blei det i 1999 utbetalt kr. 229.492 i statstilskot til veg, og kr. 98.343 i statstilskot til skogkultur. Dette er 70 % til veg. Da var det tilskot til planting, så prosentsatsen til veg hadde vore 80-85 % om det ikkje hadde vore tilskot til planting slik det nå blir gjort framlegg om. Hadde vi hatt ein slik regel i Lom dette året ville vi sannsynlegvis bare kunne utbetalt ein fjerdedel av vegtilskottet på grunn av 50 % regelen. Ein klausul om 50 % er heilt unødvendig fordi kommunen vil veta kva som tener skogbruket i kommunen best, og prioritere pengebruken etter det. Om det ikkje er vilje til å ta bort 50 % regelen må den anten gjelde på fylkesnivå, eller så må den gjelde for ein periode på 5 år i kommunen.

Andre forhold:


Overførbare midlar:

Fordi aktiviteten i den einskilde kommunen vil kunne variere sterkt frå år til år er det heilt naudsynt at midlane er overførbare til neste år. Kommunane i Ottadalen er eit godt døme på dette. Diagram som syner utbetalte tilskot til skogkultur og vegbygging er kopiert inn for å vise kor stor variasjonen er, og dermed kor viktig det er med overførbare midlar. Diagramma viser og kor håplaust 50 % regelen, som er omtala over, ville slått ut. I diagramma er tilskot til planting med, så om tilskot til planting blir nekta er forholdet for 50% regelen monaleg verre enn diagramma syner.

Statstilskot utbetalt til vegar i Ottadalen siste 10 år



Statstilskot utbetalt til skogkultur i Ottadalen siste 10 år



Fleirårige tiltaksstrategiar:

Det står i følgjebrevet at midlane skal fordelast etter fleirårige tiltaksstrategiar. Det som tidlegare var kalla STILK midlar hadde søknadsfrist 15 februar til fylkesmannen og tildeling skjedde i november/desember. For dette formålet vil det ikkje bli lenger sakshandsamingstid. For tilskot til bygging av skogsvegar vil det kunne føre til vesentleg lenger sakshandsamingstid. Tildeling av midlar til kommunen vil bli basert på kjente og reelle prosjekter som kommunen kan dokumenter ved søknadsfrist til fylkesmannen som vil bli ca. 15 februar. Blir det planlagt eit stort vegprosjekt på våren kan dette normalt ikkje finansierast før året etter. Dette er eit stort tilbakesteg. Med ordninga som er i dag kor Fylkesmannen disponere midlane kan vi sende inn søknad når veganlegget er ferdig planlagt og godkjent, få tildelt midlar i løpet av ein til to veker å begynne og bygge umiddelbart. Så for

einskilde tiltak vil overføringa til kommunane sannsynlegvis føre til monaleg lenger sakshandsamingstid.

Konklusjon:

Tanken med lokal forvaltning av tilskotsmidlane er god, og er heilt i tråd med synet til Lom kommune. Skal overføringa av tilskotsmidlane til kommunane ha positiv effekt er det heilt naudsynt at det følgjer med minst mogeleg føringar for bruken av midlane. Heile meininga med overføringa er at kommunane best veit korleis midlane kan nyttast for å gje størst mogeleg positiv effekt for lokalsamfunnet. Da må og staten våge å ta steget fullt ut. For jordbruksmidlane har staten gjort dette. For skogbruksmidlane er det lagt så mange uheldige føringar at ein snarare får eit auka og meir tungrodd byråkrati enn ein positiv effekt av lokalt forankra bruk av midlane.

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Formannskapet viser til vurderingane og sluttar seg til desse

04.12.2003 FORMANNSKAPET

FS-130/03 Vedtak:

Som innstillinga. Samrøystes.